



Gunda Gjertrud Ingeborg Nordanger
Hamrane 30
5704 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3919 - 17/8582

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.03.2017

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 70/23 Feste ytre

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 22.03.2017, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

PMU gir dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel punkt 1.1, arealføremålet og byggjegrænse mot sjø (jfr. PBL §19), og gir dispensasjon til å setje opp hytte på omsøkt tomt, og til å byggje naust på omsøkt eigedom.

Hytta er søkt sett opp i eit allereie etablert hyttefelt, og er ei av dei siste ubygde tomtene i hytteområdet. Tomta er allereie skilt ut. PMU ser ikkje at dispensasjon set kommuneplanen sin intensjon vesentlig til side. Naustet vil verte sett opp i eit allereie opparbeida naustemiljø, og vil ikkje føre til ytterlegare privatisering av strandlinja.

Dispensasjonen vert gitt på vilkår av at det vert dokumentert parkeringsløyve for to bilar i området.

PMU ser ingen ulemper eller konflikter med dispensasjonen, vi ser ikkje grunn til å vurdere helse, miljø og tryggleik i denne saka. PMU sin vurdering er at ulempene med å gi dispensasjon ikkje er vesentlege i høve til ålmenta, og fordelane med å gi dispensasjon dermed er større enn ulempene.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avslag på søknad om dispensasjon for etablering av hytte, naust og kai - gbnr 70/23 Feste ytre

Søknad om dispensasjon med hjemmel i plan og bygningsloven § 19-2 - gbnr 70/23 Feste Ytre

Opplysningar gitt i nabovarsel

Teikningar

Oversending av søknad til uttale - gbnr 70/23 Feste ytre

Gbnr 70-23 grunnkart

Gbnr 70-23 kommuneplan 2011-2023

Gbnr 70-23 Ortofoto 2015

Tilleggsinformasjon - gbnr 70/23 Feste ytre

Kart

Vedrørende - Oversendt søknad om naust, kai og hytte - gnr-bnr70-23 Feste Ytre, Lindås kommune, Gunda Nordanger - EDKID: 9608497.pdf

AcosSvarInn.xml

Uttale vedk dispensasjon for oppføring av fritidsbustad naust og kai - gbnr 70/23 Feste ytre

E-post - Uttale - Lindås - Gnr 70 bnr 23 - Feste ytre - Dispensasjon for oppføring av fritidsbustad naust og kai

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen - gbnr 70/23 Feste ytre

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen - Fritidsbustad, naust og kai - gbnr 70/23 Feste ytre

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - gbnr 70/23 Feste ytre - oppføring av fritidsbustad, naust og kai

AcosSvarInn.xml

Mottakarar:

Gunda Gjertrud Ingeborg Nordanger Hamrane 30

5704

VOSS